



Møtereferat

Formål:	Oppstartsmøte grensejustering Norddal, Eidsdal
Til stades:	<ol style="list-style-type: none">1. Leiar av fellesnemnd, Eva Hove2. Ordførar Stranda, Jan Ove Tryggestad3. Ordførar Norddal, Arne Sandnes4. Rådmann Stranda, Åse Elin Hole5. Rådmann Norddal, Tor Helge Stavdal6. Søkar, Else Ragni Ytterdal7. Søkar, Merete Rønneberg8. Frå Fylkesmannen, fylkesmann Lodve Solholm9. Frå Fylkesmannen, seniorrådgivar Vigdis Rotlid Vestad10. Frå Fylkesmannen, direktør Helge Møgstad11. Frå Fylkesmannen, seniorrådgivar Frida Brevik
Stad og tid:	Fylkeshuset, Molde, 31. oktober 2017 kl. 08.30
Referent:	Frida Farstad Brevik

Møtereferat

Fylkesmann Lodve Solholm ønskte velkomen og orienterte om møteagenda og det oppdraget Fylkesmannen har fått frå Kommunal- og Moderniseringsdepartementet. Føremålet med oppstartsmøte er å gje ei orientering om prosessen framover samstundes som partane i saka får komme til orde for å legge fram sitt syn. Fylkesmannen har motteke fire søknader frå ulike bygdelag i fylket om grensejustering. I tillegg har departementet teke initiativ til at fylkesmannen også lagar ei utgreiing om konsekvensane av ei grensejustering av Liabygda frå Stranda kommune til Fjord.

Fylkesmannen tok ein gjennomgang av milepælsplana og dei ulike milepælane i den vidare prosessen. Det vart opna for spørsmål etter innlegget.

Søkar Merete Rønneberg peika innleiingsvis på at det har stor betydning for bygdene å få ei rask avklaring av saka. Rønneberg viste til at det i forkant av søknadsprosessen blei lagt stor vekt på medverknad frå innbyggjarane. I utgangspunktet ønskjer søkarane ei større samanslåing mellom Stranda, Norddal og Stordal. Bygdene ønsker no å sjå framover og på kva som er mest framtidretta for bygdene og søker derfor om ei grensejustering. Rønneberg gjorde kort greie for bakgrunnen for søknaden.

Norddal kommune ved ordførar Arne Sandnes viste til medieoppmerksomd rundt grensejusteringssaka den siste tida og at det har reist spørsmål om ein no skal sjå på

samanslåing med Stranda på nytt. Det blei delt ut og lest opp frå eit skriv frå kommunestyrerepresentantar i Norddal kommunestyre.

Stranda kommune ved ordførar Jan Ove Tryggestad viste til at Stranda kommunestyre respekterer dei kommunestyrevedtaka som er gjort i Norddal og Stordal om samanslåing til nye Fjord kommune.

Merk endring av dato: Dato for sluttmøte den 21.03.18 kl. 12.30 – 14.00. Det blir felles lunsj for søkerane i Norddal og Eidsdal og representantane frå Liabygda frå 14.00 -14.30.

